



Hareid kommune

Detaljregulering SYVERPLASSEN BARNEHAGE

PlanID 20240001

Planomtale
03.01.25 – rev. 30.05.25



Utarbeidd av:

SPORSTØL
arkitekter

Innhald

1	Samandrag	4
2	Bakgrunn	5
2.1	Hensikta med planen	5
2.2	Lokalisering	5
2.3	Forslagsstillar og plankonsulent.....	5
2.4	Eigarforhold	6
3	Planprosessen	7
3.1	Planprosess og medverknad	7
3.2	Krav om konsekvensutgreiing (KU)	7
3.3	Utbyggingsavtalar	7
4	Planstatus og rammevilkår	7
4.1	Overordna planar	7
4.2	Gjeldande reguleringsplan	8
4.3	Tilgrensande planar	9
4.4	Vedtak om disponering av areal i friområde	9
4.5	Rullering av kommuneplanens arealdel	9
4.6	Statlege retningslinjer/rammer/føringar	10
5	Omtale av planområdet, eksisterande forhold	10
5.1	Planavgrensing	10
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk	10
5.3	Landskap og stadens karakter	12
5.4	Kulturminne og kulturmiljø	12
5.5	Naturverdiar	13
5.6	Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde	14
5.7	Landbruk	14
5.8	Trafikkforhold	14
5.9	Parkering	17
5.10	Sosial infrastruktur	17
5.11	Universell tilgjengelegheit	17
5.12	Barns interesser	17
5.13	Teknisk infrastruktur	18
5.14	Støyforhold	19
5.15	Luftforureining	19
5.16	Grunnforhold	19
5.17	Skred	20
5.18	Overvatn	21
5.19	Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)	22
5.20	Analyser/ utgreiingar	23
6	Omtale av planforslaget	23
6.1	Planlagt arealbruk	23
6.1.1	Reguleringsføremål	26
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål	26
6.2.1	Reguleringsføremål	26
6.3	Bygg si plassering og utforming	27
6.3.1	Byggehøgde	28
6.3.2	Grad av utnytting	28
6.3.3	Arbeidsplassar	28
6.4	Parkering	28
6.5	Trafikkløysing	29

6.5.1	Køyreadkomst.....	29
6.5.2	Utforming av kommunal veg	29
6.5.3	Tilgjengelegheit for gåande og syklende	30
6.5.4	Tilkomst til Plassane 11	31
6.6	Støyforhold	31
6.7	Miljøoppfølging.....	31
6.8	Klimatilpassing og overvatn	32
6.9	Universell utforming	32
6.10	Uteområde.....	32
6.11	Landbruksfaglege vurderingar	35
6.12	Kulturminne	36
6.13	Naturverdiar.....	36
6.14	Vassdrag – kantsone	37
6.15	Flaum	37
6.16	Skred	38
6.17	Teknisk infrastruktur.....	38
6.18	Plan for avfallshenting	39
6.19	Avbøtande tiltak/ løysningar ROS.....	39
7	Verknader/konsekvensar av planforslaget.....	40
7.1	Konsekvens for overordna planar.....	40
7.2	Konsekvens for landskap og stadens karakter.....	40
7.3	Konsekvens for krav i kap. II i Naturmangfaldlova.....	40
7.4	Konsekvens for rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk	40
7.5	Konsekvens for uteområde.....	40
7.6	Konsekvens for trafikkforhold.....	40
7.7	Konsekvens for barns interesser.....	41
7.8	Konsekvens for universell tilgjenge	41
7.9	Konsekvens for risiko og sårbarheit (ROS).....	41
7.10	Konsekvens for jordressursar/landbruk	41
7.11	Konsekvens for teknisk infrastruktur.....	41
7.12	Konsekvensar for kommunen	41
7.13	Avveging av verknader.....	41
8	Innkomne innspel med kommentar.....	42
9	Avsluttande kommentar	45
10	Vedlegg	46

1 Samandrag

Syverplassen barnehage er lokalisert i nærleiken av Hareid sentrum, og har fire avdelingar for barnehageborn. Barnehagen har behov for meir plass for både tilsette og barn. Eigedomsavdelinga i Hareid kommune har difor starta opp oppgradering og utviding av barnehagen. Det er for tilbygg gjeve dispensasjon frå arealdelen i gjeldande reguleringsplan og Veglova §29.

Vilkår for løyve er mellom anna at det vert opparbeidd tilfredsstillande parkeringsplassar for tilsette. Hensikta med planen er såleis å legge til rette for parkering for tilsette nord for kommunal veg, betre den trafikale situasjonen kring barnehagen, samt å regulere leikeareal og friområde kring barnehagen i tråd med krav.

Planen regulerer kringliggande vegar, samt fortau langs vegen Plassane i tråd med gjeldande kommuneplan. Barnehagen med tilhøyrande leikeareal vert regulert til barnehage (o_BH) i tråd med dagens bruk. Nord for vegen er det regulert parkeringsplass for tilsette. Sør for barnehagen er området sett av til friluftsmål.

Regulering av eksisterande køyreveg, fortau og annan veggrunn vil ha konsekvens for eigedomar langs vegen. Kommunen vil i samband med framtidig utbygging måtte gjere avklaringar opp mot den enkelte grunneigar.

Innanfor gnr. 41, bnr. 23 og 41, bnr. 192/759 regulerast areal der eigedomsforholda ikkje er avklart. Varsling er gjort i tråd med kommunale avklaringar av eigedomsforhold, og vidareføring av planprosess etter varsling er avklart med kommunen.

Det er utarbeidd plan- og profilteikningar for kringliggande vegar. Det er også gjort utgreiing av områdestabilitet og fare for skred. Område nord for vegen som ligg innanfor aktsomheitsområde for flaum er vist med omsynssone H320, og det er sett krav i føresegnene.

Utviding av og tilrettelegging for Syverplassen barnehage i området er i tråd med politiske føringar, og vil avslutte reguleringsplanarbeidet som vart starta opp allereie i 2013. Reguleringsendringa medfører at planen blir i tråd med faktisk bruk av området, og sikrar barnehagen tilstrekkeleg plass til både bygningar og leikeareal for vidare drift.

Prosjektleder: Silje Skaro

Prosjektmedarbeidar/KS: Bjørnar Sporstøl

	Dato	Sign PL	Dato	KS
Utkast til offentlig ettersyn	03.01.25	SS	09.01.25	BS
Justert utkast etter kommunal handsaming	21.02.25	SS	21.02.25	BS
Byggegrense justert etter kommunal handsaming	30.05.25	SS	30.05.25	BS


2 Bakgrunn

2.1 Hensikta med planen

Hareid kommune har gjeve løyve til utviding av Syverplassen barnehage. Vilkår for løyve er mellom anna at det vert opparbeidd tilfredsstillande parkeringsplassar for tilsette. Hensikta med planen er såleis å legge til rette for parkering for tilsette nord for kommunal veg, betre den trafikale situasjonen kring barnehagen, samt å regulere leikeareal og friområde kring barnehagen i tråd med krav.

2.2 Lokalisering

Planområdet er lokalisert langs vegen Plassane, sør for Hareid sentrum som vist på kart nedanfor.



Figur 1 Kart som viser lokalisering av tiltaket. Kjelde; Sunnmørskart/Sporstøl arkitekter

2.3 Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar:

HS Rise Bygg AS – Hareidsvegen 451- 6060 Hareid
Tlf: +47 918 25 316
Kontaktperson: John Liaset
E-post: john@risebygg.no

Plankonsulent:

Sporstøl Arkitekter AS – Postboks 301 – 6067 Ulsteinvik
Tlf.: 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no
Kontaktperson: Silje Skaro
Tlf.: +47 986 02 227 E-post: silje@sporstol.no

2.4 Eigarforhold

Eigedomar innanfor planområdet jf. Grunnboksutskrift mars 2024 (kartutsnitt med gbnr. i pkt. 5.1):

Eigedom	Heimelshavar	Bruk	Kommentar
Gnr. 41, bnr. 1110	Hareid kommune	Syverplassen barnehage	
Gnr. 41, bnr. 890	Hareid kommune	Friområde/leikeareal knytt til barnehagen, samt vegareal	Del av større eigedom
Gnr. 41, bnr. 128	Audun Ulstein	Vegareal/hage	Areal sør for veg
Gnr. 41, bnr. 396	Ole-Johan Hareide	Vegareal/hage	Areal sør for veg
Gnr. 41, bnr. 398	Lisbeth Johnsen	Hage/parkeringsareal	Areal sør for veg
Gnr. 41, bnr. 23	Rolf Gamlem 1/4 Elida Hareide 1/4 Berta Jørgensen 1/4 Kirsten Jørgensen 1/4	Ubebygd/vegetasjon	Område nord for veg planlagt til parkeringsplass. Kjøp av arealet må avklarast.
Gnr. 41, bnr. 10	Ottar Arne Hareide	Friområde	Areal langs veg mot nord
Gnr. 41, bnr. 129, 549	Kanokwan Klappklang	Hage	Areal sør for veg
Gnr. 41, bnr. 108	Hareid kommunale elverk	Ubebygd/vegetasjon	
Gnr. 41, bnr. 123/627	Knut Asle Fagervoll	Hage/parkering	Areal langs veg mot aust
Gnr. 41, bnr. 192	Jorunn Helene Elvebu	Hage	Areal nord for veg
Manglar gbnr.	Hareid kommune	Vegen Plassane	

I tillegg kjem nokre eigedomar som så vidt ligg innanfor plangrensa og som i mindre grad vert berørt.

Når det gjeld gnr. 41, bnr. 23 er eigarar registrert som ugyldig part. Det er gjort undersøkingar for å finne arvingar. Følgjande er funne, og er varsla via post til varsel om oppstart:

Etter Rolf Gamlem:

ELDAR J. ELVEBU	BRANNMOVEGEN 24	9334 ØVERBYGD	(BARN)
ELVEBU ROGER M.	SOFFIBAKKEN 35	6060 HAREID	(BARNEBARN)
ELVEBU BENTE M.	GAMLE BRANDALSVEGEN 44	6060 HAREID	(BARNEBARN)
ELVEBU KIRSTI H.	BREKKANE 1	6060 HAREID	(BARNEBARN)
ELVEBU RAGNHILD J.	PLASSANE 21	6060 HAREID	(BARNEBARN)

Etter Elida Hareide:

IDAR HAREIDE	PB. 475 SKØYEN	0213 OSLO	(BARNEBARN)
MORTEN HAREIDE	HAGALØKKEVEIEN 26	1383 ASKER	(BARNEBARN)
MINDOR KLAUSET	HAVNEGATA 11	6005 ÅLESUND	(BARNEBARN)
EVA BOLSTAD BORG	MARCUS TRANES VEG 23	2615 LILLEHAMMER	(BARNEBARN)

Etter Berta Jørgensen og Kirsten Jørgensen:

HALVARD J. GIØRTZ	HATLAHAUGEN 25	6016 ÅLESUND	
-------------------	----------------	--------------	--

Til varsel om oppstart er det berre motteke svar frå ein av arvingane, Eldar Elvebu, som viser til at barn av avdød bror, Kolbjørn Elvebu, vil gje eventuelle innspel i saka. Det er ikkje motteke innspel frå desse.

For gnr. 41, bnr. 192/759 er også eigar registrert som ugyldig part. Eigar er opplyst å vere:
ELVEBU ROGER M. SOFFIBAKKEN 35 6060 HAREID (BARN)

Det regulerast dermed areal der eigedomsforholda ikkje er endeleg avklart, og der det mest truleg er fleire eigarar i fleire ledd. Varsling er gjort i tråd med kommunale avklaringar av eigedomsforhold. Vidareføring av oppstarta planprosess er bekrefta i e-post frå kommunalsjef Kai-Rune Bjørke av september 2024.

3 Planprosessen

3.1 Planprosess og medverknad

Det vart halde oppstartsmøte med Hareid kommune 29.02.24. Hareid kommune ønska ei utviding av planområdet langs vegen Plassane mot aust og vest, og det vart utarbeidd eit revidert planinitiativ datert mars 2024.

Oppstart av planen vart varsla gjennom annonse i Vikebladet Vestposten og varsel til dei ulike høyringsinstansar, grunneigarar og naboar 27.05.24. I tillegg vart oppstarten annonsert på kommunen sine heimesider samt på heimesidene til Sporstøl Arkitekter, med uttalefrist 01.07.24.

Formell saksgang etter Plan- og bygningslova sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentleg ettersyn av planforslaget. Merknadar til varslinga er teke med og vurdert i planprosessen, sjå kap. 8.

3.2 Krav om konsekvensutgreiing (KU)

Det visast til vurdering i planinitiativet. Tiltaket vurderast ikkje å gje vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, og såleis ikkje å vere KU-pliktig.

Slik det kjem fram av referatet frå oppstartsmøtet er det ikkje krav om konsekvensutgreiing.

3.3 Utbyggingsavtalar

Ikkje aktuelt.

4 Planstatus og rammevilkår

4.1 Overordna planar

Gjeldande kommuneplan er «Kommuneplanens arealdel 2012-2024», planID 20110003, gjeldande frå 21.06.2012. Områda innanfor planavgrensinga er sett av til «Offentleg eller privat tenesteyting» (raudt), friområde (grønt) og ein mindre del til bustad (gult). Planområdet ligg utanfor regulert faresone for ras- og skredfare (vist som stipla raudt område). Prikka raud linje viser planlagt trasé for gang- og sykkelveg, medan svarte linjer viser noverande tilkomstveg.

Detaljeringsone vist som stipla svart viser område der reguleringsplanen framleis skal gjelde. Slik det kjem fram av føresegnene til kommuneplanen §7.2 skal kommuneplanen sin arealdel gjelde framom reguleringsplanen der kommuneplanen viser avvikande arealbruk i høve vedteken reguleringsplan.

Innanfor planavgrensinga er føremål i kommuneplanen i hovudsak i tråd med føremål i gjeldande regulering, forutan planlagd trasé for gang- og sykkelveg.



Figur 2 Utsnitt som viser gjeldende kommuneplan med planavgrensing. Kjelde; Sunnmørskart

4.2 Gjeldende reguleringsplan

Gjeldende reguleringsplan «Vadbakken» trådte i kraft 19.12.1985. PlanID er 19850002. Området innanfor planavgrensinga er regulert til «allmennnyttig føremål – barnehage» og friområde. Vegen Plassane er regulert til offentlig veg, og ei mindre arealstripe langs veg til bustad.



Figur 3 Utsnitt som viser gjeldende reguleringsplan med planavgrensing. Kjelde; Sunnmørskart

4.3 Tilgrensande planar

Ny plan er del av større gjeldande reguleringsplan «Vadbakken», og har ingen tilgrensande planar. I nærområdet er det fleire nyare reguleringsplanar der føremålet i hovudsak er bustad.

4.4 Vedtak om disponering av areal i friområde

I følgje Hareid kommune vart det i Formannskapet i 2013 gjort vedtak om at Syverplassen barnehage kan nytte friområde innanfor gbnr. 41/890 til leikeareal for barnehagen (sak 2013/361). Det vart i samband med dette også starta opp regulering av arealet til barnehageføremål, men arbeidet vart ikkje vidareført.

4.5 Rullering av kommuneplanens arealdel

Det er starta opp arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel («Kommuneplanens arealdel 2020-2032»). Planarbeidet er pr. i dag ikkje ferdigstilt.

I samband med 1. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel kom det motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart i samband med dette utarbeidd ei analyse over bustadareal, næringsareal og areal til offentleg eller privat tenesteyting i Hareid kommune som grunnlag for areal-disponering i arbeidet med kommuneplanen. For Syverplassen barnehage vart det foreslått ei utviding av Syverplassen barnehage på totalt 4070 m² som vist på utsnitt frå «Analyse av offentleg og privat tenesteyting, Hareid kommune». Foreslått utviding vart vedteke i kommunestyret 16.02.23 (sak 06/23). Utvidinga er ikkje i tråd med det som no vert lagt til grunn, men er eit tydeleg politisk signal om ønska utviding og vidare drift av Syverplassen barnehage i området.

Syverplassen barnehage

- ❖ Vidareføring av 3 202 m² frå kommuneplanens arealdel 2012-2024



- Utvida 2 400m² i sør og 1 670m² i nord, totalt 4 070m². Arealet i nord, nedom vegen er tenkt anset parking.

Figur 4 Utsnitt frå «Analyse av offentleg og privat tenesteyting», Hareid kommune, som viser politisk intensjon om utviding av Syverplassen barnehage, vedteke i kommunestyret 16.02.23. Kjelde; Hareid kommune, planavdelinga

4.6 Statlege retningslinjer/rammer/føringar


- Plan- og bygningslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet 2024
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021
- NVE Kartbasert rettleiar for reguleringsplan
- Retningslinje nr. 2/2011, NVE, «Flaum- og skredfare i arealplanar»
- Rettleiar «Barn og unge i plan og byggesak»,
- Rettleiar «Miljø og helse i barnehagen» IS-2072

5 Omtale av planområdet, eksisterande forhold

5.1 Planavgrensing

Planområdet er 12,5 daa. Det omfattar Syverplassen barnehage med tilhøyrande uteareal og bakanforliggende friareal, samt tilgrensande veg og område nord for vegen der det planleggast ny parkering for tilsette.

Planavgrensinga er i hovudsak lagt i eigedomsgrensene. I søraustre hjørne inkluderast del av gbnr. 41/890 for å regulere gangforbindelse frå aust til friområde slik det er lagt til grunn i kommuneplanen. Det er teke med eit breiare «belte» langs vegen Plassane for å kunne regulere fortau, annan veggrunn og sikt i avkøyrslar.



Figur 5 Kartutsnitt som viser planavgrensing, eigedomsgrenser og gbnr. Kjelde: Sporstøl arkitekter

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Syverplassen barnehage er i dag etablert innanfor planområdet. Talet på barnehagebarn er 37 barn over 3 år og 25 barn under 3 år. Barnehagen har 25 tilsette. Barnehagen har fire avdelingar: Grønfinken, Gulsporven, Blåmeisa og Raudstrupen.



Figur 6 Foto som viser Syverplassen barnehage sett fra nordvest. Kjelde: Google Maps

Mot vest har barnehagen tilhørende ute-/leikeareal. Sør for barnehagen sitt uteareal er eit friområde. Dette er skilt frå barnehagen med eit gjerde. Nord for barnehagen er det etablert parkering for henting og levering i barnehagen. Området er for lite for å dekke naudsynt parkering for både tilsette og brukarar av barnehagen. Området nord for vegen er ubebygd med tett vegetasjon som vist på foto.



Figur 7 Foto som viser område for planlagt parkering nord for vegen Plassane. Kjelde: Sporstøl arkitekter

5.3 Landskap og stadens karakter


Slik det kjem fram av GisLink er landskapet «relativt åpent fjordlandskap med tett bebyggelse». Kringliggende bygg er i hovudsak bustader. Landskapet stig mot sør, frå ca. kote +20 i nord til ca. kote +38 i sør. På arealet nord for vegen fell terrenget mot Hareidselva i nord frå kote +19 til kote +15.



Figur 8 Vegetasjon med Hareidselva i nord. Kjelde: Sporstøl arkitekter

5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Slik det kjem fram av kartutsnittet nedanfor er det ingen registrerte kulturminne innanfor planområdet. Mot søraust er det to SEFRAK-registrerte bygg. Det er også to SEFRAK-registrerte bygg mot vest.




Figur 9 Kart som viser SEFRAK-registrerte bygningar kring planområdet. Kjelde; GisLink

I innspel til varsel om oppstart uttalte Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kulturavdelinga at dei ønska å gjere ei arkeologisk synfaring på staden. Dette fordi det tidlegare har vore gjort funn ikkje så lang frå planområdet. I seinare korrespondanse med Arve Nyttun i Kulturavdelinga skriv han følgjande (V11):

«Eg har no sett på området, og tenker at det ikkje vil vere naudsynt å gjere ei arkeologisk registrering her. Ein kan aldri vere heilt sikker, so eg vil minne om meldeplikta dersom ein kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne. Dette kan vere steinsettingar, kolkonsentrasjonar eller gjenstandsfunn. Dersom ein gjennom tiltaket finn slike objekt eller strukturar, skal ein snarast stoppe arbeidet og ta kontakt med meg som sakshandsamar på kulturarvseksjonen i kulturavdelinga, Fylkeskommunen.»

Det er i føresegnene sett krav om meldeplikt ved funn av automatisk freda kulturminne.

5.5 Naturverdiar



Figur 10 Kart som viser registrerte naturverdiar i og kring planområdet. Kjelde; GisLink

Slik kartet viser er det registrert framand art langs vegen nord for barnehagen (grønt punkt). Langs vegen aust for barnehagen er det registrert piggsvin og taksvale med status nær trua (oransje punkt).

Området kring Hareidsvassdraget viser artar med særleg stor forvaltningsinteresse (stipla svart) og område i nordleg del av planområdet viser naturvernområde artsfreding med verneføremål fugleliv (oransje stipla område). Om dette står det i naturbase faktaark følgjande:


«Område med dyrelivsfredning (artsvern) som mellom anna grenser til Grimstadvatnet naturreservat. Den einaste restriksjonen som gjeld for dette området er at alle fugle- og pattedyrartar er freda mot jakt- og fangst. Det er likevel tillate med jakt kråke etter viltlova med forskrifter. Artsvernområdet på 10400 dekar inkluderer reservatet og sjøarealer.»

5.6 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde

Området nord for planområdet langs Hareidsvassdraget er i GisLink beskrevet som «Kultur- og natursti langs elvebreidda frå sjøen til Snipsøyrvatnet», med verdi «svært viktig friluftsområde». Innanfor planområdet er det ikke registrert spesiell naturverdi, men området er nytta som barnehagen sitt uteområde, og har såleis stor rekreasjonsverdi.

5.7 Landbruk


Slik det kjem fram av arealressurskartet er områda innanfor planavgrensinga registrert som fulldyrka jord (oransje farge), bebygd område (rosa farge) og skog (grøn farge), samt ei lita stripe open fastmark (grå farge). Brun farge viser opparbeidde vegar.



Figur 11 Arealressurskart. Oransje farge viser fulldyrka jord. Kjelde: GisLink

5.8 Trafikkforhold

Kommunal veg KV2122, Plassane, går gjennom planområdet nord for barnehagen. Fartsgrense er i Vegkart sett til 40 km/t. Midlertidige skilt viser 30 km/t forbi barnehagen i samband med arbeid på staden. Trafikkmengd kjem ikke fram av Vegkart.no. Det er ikke spesielt lagt til rette for mjuke trafikanter, men kommuneplanen regulerer framtidig gang- og sykkelveg langs vegen Plassane.



Figur 12 Kart som viser kringliggende vegnett, kommunal veg (brun farge), privat veg (grøn farge). Kjelde: Gis-Link



Figur 13 Foto som viser vegen Plassane sør for barnehagen. Kjelde: Sporstøl arkitekter


Vegen aust for barnehagen er også KV2122, og går fram til eigedomsgrensa til gbnr. 41/10. Vegen nyttast av postbod, renovasjonsbil og for utrykkingskøyretøy, og må dimensjonerast for dette. Vegen vidare er privat veg, og er stengd med bom ved løa på gbnr. 41/1035. Lenger sør vert den igjen kommunal (KV2135).



Figur 14 Foto som viser vegen Plassane aust for barnehagen. Kjelde: Sporstøl arkitekter

Kollektivhaldeplass

Frå barnehagen er det i overkant av 400 meter til næraste kollektivhaldeplass slik kartutsnittet viser.



Figur 15 Foto som viser kringliggende kollektivhaldeplassar. Kjelde: GisLink

5.9 Parkering

Det er ikkje tilstrekkeleg kapasitet for parkering i tilknytning til barnehagen. Området rett nord for barnehagen skal dekke parkeringsbehovet både for tilsette og behov for parkering knytt til levering og henting av barn. Dette har medført parkering langs veg både aust for barnehagen, og nord for barnehagen langs vegen Plassane. Det er som ei midlertidig løysing opparbeidd parkering for tilsette på ei tomt lenger aust.



Figur 16 Foto som viser parkering langs vegen nord for barnehagen. Kjelde: Sporstøl arkitekter

5.10 Sosial infrastruktur

Området er relativt sentralt plassert på Hareid, og det er gangavstand til sentrum, idrettsanlegg og andre fasilitetar.

5.11 Universell tilgjengelegheit

Bygg og uteområde er etablert og i bruk. Barnehagen ligg på eit plan, og store delar av uteområdet er etablert og lagt til rette for universell tilgjenge.

5.12 Barns interesser

Området er i dagleg bruk til barnehage, og er såleis mykje brukt av barn. I følge barnehagen gjev nærområdet til barnehagen gode moglegheiter for å ta borna med på "fjelltur", til «indianarskogen», Hareidselva og Rotarystien, samt sentrum av Hareid der dei nyttar biblioteket jamleg.

Det er opparbeidd eit stort leikeareal kring barnehagen med moglegheiter for variert aktivitet både sommar- og vinterstid. Dette området er inngjerda. Sør for inngjerda område er det eit regulert, delvis skogkledd friareal som også kan nyttast til leik.

Barnehagen ligg med kort avstand til kringliggjande bustadområde. Barnehagen med uteområde er såleis godt lagt til rette for bruk både på dagtid, kveld og i helger.



Figur 17 Leikeareal kring barnehagen. Kjelde: Sporstøl arkitekter


5.13 Teknisk infrastruktur

Det er opparbeidd teknisk infrastruktur til området slik det kjem fram av kartutsnittet nedanfor. Vassleidningar er vist med blått, spillvassleidningar er vist med grøn farge, avløp er vist med raud prikka linje og overvassleidning med svart prikka linje.



Figur 18 Foto som viser eksisterande leidningsnett; vassleidning (blå), spillvassleidning (grøn), avløpsleidning (stipla raud) og overvassleidning (stipla svart). Kjelde: Hareid kommune, kommunalteknikk

I følge Hareid kommune planleggast etablering av ny spillvassleidning langs elva i nordleg del av planområdet. Utklippet nedanfor viser planlagd trase. Eksisterande felles avløpsleidning vert sanert når kommunen legg ny spillvassleidning. Etableringa må koordinerast med andre planlagde tiltak i området.



Figur 19 Utklipp fra planlagd VA-anlegg som viser planlagt trase for spillvassleidning (grønstiplt linje). Kjelde: Hareid kommune, kommunalteknikk

Sløkkjevatn

I følge kommunen er næraste brannventil ca. 100 meter mot vest, i kum ved bru over elva. Krav til avstand til brannkum eller hydrant er min. 50 meter jf. TEK17. I omgivnad med liten sprengingsfare, kan kommunen velje å løyse slökkjvassforsyninga ved at brann- og redningsvesenet brukar passende tankbil, jf. forskrift om brannførebygging § 21.

5.14 Støyforhold


Det er i følge GisLink ikkje registrert vegstøy i eller i nærleiken av planområdet.

5.15 Luftforureining

Det er i følge miljødirektoratet registrert lite luftforureining i området, jf. <https://luftkvalitet.miljodirektoratet.no/varsling/M%C3%B8re%20og%20Romsdal/Hareid/Hareid>

5.16 Grunnforhold

I følge GisLink består området av lausmasstype marin strandavsetning, sammenhengende dekke med begrensa grunnvasspotensial. Området ligg under marin grense.



Figur 20 Lausmassekart som viser at tiltaksområdet ligg innanfor marine strandavsetningar. Kjelde: NGU/Sunnfjord Geo Center, V7

I samband med planlagt utbygging av barnehagen har Sunnfjord Geo Center vore engasjert for å gjennomføre områdestabilitetsvurdering, då området ligg under marin grense. Under synfaring og gjennom tilgjengeleg data frå NADAG, GRANADA og grusdatabasen til NGU, vart det konkludert med at tiltaksområdet truleg inneheld svært begrensa/ingen marine leiravsetningar innanfor tiltaksområdet. Det vart likevel gjennomført grunnundersøkingar for å kunne dokumentere at områdestabilitet er ivaretekt og for å finne avstand til fast fjell.


Totalt vart det gjennomført 3 stk. totalsonderingar, og borepunkta følgde kritisk skråning i området. Det vart ikkje avdekt marine leiravsetningar i området. Områdestabiliteten vart vurdert ivaretekte. Det visast til «Vurdering av områdestabilitet ved Plassane 7, Hareid kommune», vedlegg V7.

5.17 Skred

Planområdet ligg innanfor aktsomheitsområde for snøskred slik det kjem fram av kartutsnitt nedanfor. Det visast til skredvurdering gjort av Skrid datert 15.02.24. Rapporten konkluderer som følgjer:

«Det er vurdert at tiltaket er innanfor sikkerhetsklasse S3 med henblikk på sikkerhet mot skred i bratt terreng jfr. TEK 17 med referanse til pbl. §28-1.

Det er konkludert med at fare for alle skredtyper (steinsprang, snøskred, jord-, flom og sørpeskred) med utløp i tiltaksområdet er fraværende, basert på befarings, dynamisk skredsimulering, klimatiske data og vurdering av geologiske kart og kart for bratthet. Tiltaksområdet har derav tilfredsstillende sikkerhet og overskrider ikke nominell sannsynlighet for skred på 1/5000 (S3).»



Figur 21 Aktsomheitsområde snøskred. Tiltaket vert berørt av NVE sitt aktsomheitsområde for utløp av 1000-års snøskred med skogeffect. Kjelde: NVE/Kartverket/Skrid, V6

5.18 Overvatn

Utsnitt frå VA-plan nedanfor, utarbeidd for Hareid kommune av Nordplan (V9), viser ny kommunal løysing for etablering av spillvassleidning (grøn farge). Den viser også handtering av overvatn i området. Overvassleidningar er vist svartstipla, og fører overvatn til elv eller kum. Forutan planlagt ny parkeringsplass legg ikkje planen til rette for spesiell ny utbygging innanfor området som vil endre dagens situasjon kva gjeld nytta flater. Parkeringsplassen er planlagt med fall som sikrar god handtering av overvatn, som vist på teikningar (Dimco, V10).




Figur 22 Kart som viser overvassleidningar (svart stipla). Kjelde: Hareid kommune, kommunalteknikk/Nordplan

5.19 Risiko- og sårbarhet (eksisterende situasjon)

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarhetsanalyser i arealplanlegginga. Sjå vedlagt ROS-sjekkliste for området, V3. Forhold som påkallar merksemd, og som krev vurdering av tiltak, er følgande:

Flaum

Som kartutsnittet viser ligg området i nord delvis innanfor aktsomheitsområde for flaum. Det går også dreneringslinjer ved tette stikkrenner gjennom planområdet. Risiko for flaum, samt eventuelle konsekvensar i samband med planendringa vert omtalt i kap. 6.



Figur 23 Kart som viser aktsomheitsområde flaum (lilla prikke område) samt dreneringslinjer ved tette stikkrenner (blå strek). Kjelde: GisLink

Klimatilpassing

Store delar av planområdet er pr. i dag utbygd, og drenering er lagt i stikkrenner. Opne vassvegar gjennom leikearealet er ikkje lagt til grunn. Eksisterande friareal vert i hovudsak uendra, forutan etablering av parkeringsplass nord for vegen.

Sjå risikomatrise. For raude hendingar må tiltak setjast i verk for å redusere risiko til gul eller grøn. For gule hendingar skal gjennomføring av tiltak vurderast. For grønne hendingar er risikoen rekna som akseptabel når alminneleg førebygging og beredskap vert gjennomført.

Konsekvens/ sannsynlighet	Ubetydelig	Mindre alvorlig	Betydelig/kritisk	Alvorlig	Svært alvorlig
Svært sannsynlig					
Meget sannsynlig					
Sannsynlig		FLAUM			
Mindre sannsynlig					
Lite sannsynlig					

Flaum og klimatilpassing er omtalt i egne punkt i kap. 6 «Omtale av planforslaget». Nødvendige tiltak er oppsummert i kap. 6.19.

5.20 Analyser/ utgreiingar

Det er gjort følgjande utgreiingar:

- Skrid, skredvurdering datert 15.02.24 (V6)
- Sunnfjord Geo Center – Vurdering av områdestabilitet datert 14.04.23 (V7)
- Dimco- plan- og profildeikningar datert 16.12.24 (V10)


6 Omtale av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Syverplassen barnehage har behov for meir plass for både tilsette og barn. Eigedomsavdelinga i Har-eid kommune har difor starta opp oppgradering og utviding av barnehagen. Det er for tilbygg gjeve dispensasjon frå arealdelen i gjeldande reguleringsplan og Veglova §29.

I samband med utvidinga av barnehagen er det igangsett reguleringsarbeid. Dette grunna behov for betring av den trafikale situasjonen kring barnehagen, og behov for parkering for tilsette, om lag 25 plassar. Ny parkering er planlagt nord for vegen som vist på kartutsnitt. Dette området er i dag regulert til friområde.

Utvidinga av barnehagen medfører at ein mindre del av området som i dag er regulert til friareal for barnehagen vert teke i bruk til tilbygg mot vest. Dette gjeld i følgje søknad om dispensasjon ca. 48 m². Ny plan regulerer leikeareal og friområde kring barnehagen som sikrar at verdiar for allmenta sin tilgang til friluftsliv ikkje vert tapt.



Figur 24 Kartutsnitt som viser grunnkart med planavgrensing og planlagt bruk av området. Kjelde: Sunnmørskart/Sporstøl arkitekter



Figur 25 Situasjonsplan som viser utviding barnehage hovedbygg (grå farge). Kjelde: Hareid kommune/Byggfag




Figur 26 Utviding under oppføring mot vest. Kjelde: Sporstøl arkitekter (oktober 2024)



Figur 27 Utviding under oppføring mot aust. Kjelde: Sporstøl arkitekter (oktober 2024)

6.1.1 Reguleringsføremål

Reguleringsføremål	SOSI	Felttnamn	Areal (daa)
Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)			
Offentleg eller privat tenesteyting	1161	BH	5,1
Samferdselsanlegg og tekn. infrastruktur (Pbl §12-5 nr. 2)			
Køyreveg	2011	KV	1,7
Fortau	2012	FO	0,6
Gangveg/gangareal	2016	GG	0,1
Annen veggrunn - tekniske anlegg	2018	AVT	1,0
Annen veggrunn - grøntareal	2019	AVG	0,6
Parkering	2082	PP	0,7
Grønnstruktur (Pbl. §12-5. nr. 3)			
Frrområde	3040	FRI	2,7
TOTALT			12,5



Figur 28 Framlegg til plankart. Kjelde: Sporstøl arkitekter

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

6.2.1 Reguleringsføremål

Barnehage (o_BH)

Området skal nyttast til barnehage med tilhøyrande leikeareal/uteopphaldsareal.

Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA= 30%.

Bygningar innanfor område o_BH kan ha gesimshøgde inntil 8,0 meter og mønehøgde inntil 9,0 meter frå gjennomsnittleg planert terreng. For tekniske anlegg (ventilasjon m.m.) kan mindre påbygg over denne høgde tillatast.

Innanfor område o_BH skal det vere opparbeidd minimum 2500 m² uteopphaldsareal/leikeareal som omtalt i pkt. 6.10. Utearealet skal utformast tiltalande og i tråd med føresegnar i gjeldande kommuneplan. Det skal opparbeidast med leikeapparat, nødvendige installasjonar og beplantning. Dei skal ha ei utforming som gjev moglegheit for opphald, rekreasjon, leik og spel, med naudsynt utstyr, bord og benkar som alle kan nytte.

Uteopphaldsarealet knytt til barnehagen skal vere offentleg tilgjengeleg.

Køyreveg (o_KV), fortau (o_FO), gangveg/gangareal (o_GG) annan veggrunn (o_AVT) og annan veggrunn grøntareal (o_AVG)

Planen regulerer eksisterande køyreveg. I tillegg vert det regulert fortau med annan veggrunn for sideareal, samt gangveg. Dette vil ha konsekvens for eigedomar langs vegen. Kommunen vil i samband med framtidig utbygging måtte gjere avklaringar opp mot den enkelte grunneigar.

Parkering (o_PP)

Innanfor området skal det etablerast parkeringsplass for tilsette ved barnehagen. Det visast til teikningar frå Dimco datert 16.12.24. Før arbeidet med opparbeiding av offentleg parkeringsplass kan igangsetjast, skal byggeteikningar sendast kommunen for godkjenning.

Det skal etablerast 25 parkeringsplassar der to er lagt til rette for rørslehemma.

Frå parkeringsplassen skal det vere opparbeidd gangveg med tilrettelagt kryssingspunkt over vegen. Kryssingspunktet skal ha tilstrekkeleg belysning og sikt.

Frrområde (o_FRI)

Område o_FRI er sett av til friluftsførmål. Området skal vere ope for fri ferdsel og allmenn bruk. Innanfor frrområdet kan det etablerast turveg.

I søraustre hjørne vert det regulert eit større areal til frrområde enn det som er sett av i gjeldande plan. I dette området er det i kommuneplanen vist framtidig turveg, noko som planen såleis sikrar areal til. Planen regulerer også friareal mot bustader mot vest for å sikre avstand mellom bustader og barnehage/leikeareal.

6.3 Bygg si plassering og utforming

Som vist i skisse under pkt. 6.1 er det gjeve dispensasjon for oppføring av utviding av barnehagen mot aust og vest. Byggfag har utarbeidd teikningar med illustrasjonar som vist nedanfor. Utvidinga omfattar mellom anna møte- og personalrom, leikerom, vognrom, grupperom, kontor og garderober.



Figur 29 Illustrasjon av utviding av barnehagen mot aust og vest. Kjelde: Hareid kommune/Byggfag

6.3.1 Byggehøgd

Barnehagen er i hovudsak utbygd. I saksframlegg til søknad om dispensasjon av 23.01.24 er møne- og gesimshøgd opplyst å vere 5,6 meter og 2,9 meter målt i forhold til eksisterande terreng. Etter krav frå kommunen er tillate gesimshøgd inntil 8,0 meter og mønehøgd inntil 9,0 meter frå gjennomsnittleg planert terreng. For tekniske anlegg (ventilasjon mm) kan mindre påbygg over denne høgde tillast.

6.3.2 Grad av utnytting

Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA=30%

Maks utnytting %-BYA=30% er rekna ut frå følgjande:

Barnehage med utvendige konstruksjonar, terrasser og trapper, samt tilhøyrande kringliggjande mindre bygg og parkeringsareal er rekna til ca. 1030 m².

Område o_BH: ca. 5110 m²

Utnytting: 20,2%. Det er runda opp til %-BYA=30% for mogleg framtidig etablering av mindre takoverbygg, terrasser eller (leike)hytter i utearealet. %-BYA=30% er i tråd med krav i gjeldande plan.

6.3.3 Arbeidsplassar

Barnehagen har om lag 25 tilsette. Planendringa vil ikkje medføre endring av dette.

6.4 Parkering

Dagens parkeringsløyising dekker ikkje behovet, noko som medfører uhensiktsmessig parkering langs kringliggjande vegar. Det er i dag opparbeidd ei midlertidig løyising, men det er behov for ei permanent løyising for tilsettparkering med kring 25 plassar. Parkering for korttidslevering og henting av barn vil framleis vere på sørsida av vegen Plassane slik at ein unngår at barn må krysse vegen.

Skissa nedanfor viser planlagt parkeringsløyising. Det må køyrast til massar for etablering av parkeringsplassen. Det visast til teikningar frå Dimco datert 16.12.24. Parkeringsplassen er planlagt med

3% fall mot nord. Parkeringsplassane har breidde 2,7 m etter ønske frå kommunen. Det er også planlagt 2 parkeringsplassar for HC. Innkøyring er frå regulert avkøyrsløse i aust. Det vert regulert gangveg frå parkeringsplassen mot barnehagen, og det er i føresegnene sett krav om at kryssingspunkt over vegen skal opparbeidast med forsterka belysning og tilstrekkeleg sikt.



Figur 30 Illustrasjon som viser planlagt løysing for parkeringsplass med underliggende reguleringsplan. Kjelde: Sporstøl arkitekter

6.5 Trafikkløysing

Planen regulerer vegen Plassane som går aust-vest nord for planområdet, samt køyreveg til Plassane 11 aust for barnehagen. Det er regulert fortau langs vegen Plassane i tråd med kommuneplanen, men utan rekkefølgekrav om opparbeiding.

6.5.1 Køyreadkomst

Tilkomst til området vert ikkje endra ut over dagens løysing, men planen legg til rette for fortau og avkøyrsløse med siktlinjer, og regulert vegløyser er tilpassa dette. Det visast til teikningar frå vegplanleggar Dimco, samt til reguleringsplan.

6.5.2 Utforming av kommunal veg

Det har vore dialog med kommunalteknikk i Hareid kommune kva gjeld utforming av kommunal veg KV2122, Plassane. For utforming av veg gjennom området har kommunen ønska at det vert teke utgangspunkt i N100, kap. 2.6.1; «Overordna bustadgater/bustadvegar» med breidde 6 meter.

Følgjande normalprofil er lagt til grunn:



The drawing consists of two main parts: a longitudinal profile at the top and a plan view at the bottom.

Longitudinal Profile:

- Vertical Axis:** Elevation in meters, ranging from 17.5 to 24.5.
- Horizontal Axis:** Stationing, ranging from 0 to 250.
- Profile Line:** A red line representing the road's elevation. Key points are labeled:
 - Station 0: Elevation 18.00, H = 18.99.
 - Station 17.5: Elevation 18.50, H = 19.50.
 - Station 52.5: Elevation 18.00, H = 18.99.
 - Station 70: Elevation 18.50, H = 19.50.
 - Station 140: Elevation 18.50, H = 19.50.
 - Station 227.5: Elevation 18.50, H = 19.50.
- Labels:** "Vegamodell 10000" is written at the top left. "Parkering" is labeled near station 80. "Arkad" is labeled near station 140. "Arkad" is labeled near station 175. "Arkad" is labeled near station 210. "Arkad" is labeled near station 227.5.
- Table:** A table below the profile line shows the road's cross-section data. The columns are labeled: "RÖR. NR.", "ORLÄNN.", "REDEGIV.", "VDRÄLL", "K.M.J.A.R.", "K.A.G.A.R.", "RÖR. NR.", "ORLÄNN.", "REDEGIV.", "VDRÄLL", "K.M.J.A.R.", "K.A.G.A.R.". The rows contain numerical data for each section.

Plan View:

- Map:** A detailed map showing the road's layout, including a bridge over a river. The road is shown in pink and yellow. The river is shown in blue. Buildings are shown in orange. Contour lines are shown in brown. The map includes a north arrow and a scale bar.
- Labels:** "10000" is written near the bridge. "10000" is written near the river. "10000" is written near the buildings. "10000" is written near the contour lines.

Figur 32 Plan- og profilteikning av KV2122. Kjelde: Dimco


Som vist til innleiingsvis viser kommuneplanen framtidig gang- og sykkelveg langs kommunal veg Plassane mot sør. Slik det er avklart i oppstartsmøte skal fortau regulerast, men det er ikkje stilt

rekkefølgekrav om opparbeiding. Fortauet vert etter avtale med kommunen regulert i 3,0 m bredde som vist i figur 31.

Frå parkeringsplass er det regulert gangveg som knyt parkeringsplassen saman med barnehagen. Kryssing over vegen skjer i tilrettelagt kryssingspunkt.

6.5.4 Tilkomst til Plassane 11

Kommunal tilkomstveg (KV2122) til Plassane 11 (gnr. 41, bnr. 123/627/1179) aust for barnehagen er regulert med breidde 4 meter og med 0,25 m vegskulder på begge sider i tråd med N100, kap. 2.6.2; «Øvrige bustadgater/bustadvegar». Vegen nyttast av postbod, renovasjonsbil og utrykkingskøyretøy, og det er såleis regulert vendehammar vest for vegen ved Plassane 11, dimensjonert for liten lastebil. Vegen er stengt med bom lenger sør, ved løe på gbnr. 41/1035. Forbi utvida barnehagefløy er vegen smalna inn til totalt 4 meter for å sikre tilstrekkeleg plass.



Figur 33 Plan- og profilteikning av kommunal veg KV2122 aust for barnehagen. Kjelde: Dimco

6.6 Støyforhold

Som omtalt i pkt. 5.15 er det i følge GisLink ikkje registrert vegstøy i eller i nærleiken av planområdet. Planlagde tiltak vil ikkje auke talet på born eller tilsette i barnehagen vesentleg, og vurderast såleis ikkje å påverke støyforholda.

6.7 Miljøoppfølging

Føresegnene legg til grunn at det skal leggst vekt på bruk av miljø- og klimavennlege løysingar ved tiltak innanfor området.

6.8 Klimatilpassing og overvatn

Det er i klimaprofil for Møre og Romsdal vist vesentleg venta auke i ekstrem nedbør og regnflaum. Årsnedbøren i Møre og Romsdal er berekna til å auke med kring 15%, og nedbørauken vert størst for områda nær kysten.

Venta klimaendringar er lagt til grunn i vurderingar gjort av Skrid (V6) kva gjeld fare for ulike typar skred i området. Det visast også til vedlagt VA-plan utarbeidd av Nordplan for Hareid kommune (V9), samt til pkt. 5.18 kva gjeld planlagt kommunal handtering av overvatn. Føresegnene stiller krav om tilrettelegging for naudsynt drenering, med sikre flaumvegar der klimaendringar er teke omsyn til.


6.9 Universell utforming

Føresegnene stiller krav til at planlegging og utbygging, også for uteareal, skal basere seg på gjeldande krav til universell utforming og tilgjenge for alle.

6.10 Uteområde

Dagens situasjon

Kartet nedanfor er henta frå punkt «Barn og unge» i GisLink. Grøn farge viser grøntstruktur i kommuneplanen, stipla grønt areal viser skog, mørk grønt flate viser leikeplass. Noko lenger mot nordvest er det også ein leikeplass knytt til ungdomsskolen, men ut over dette er det få leikeplassar i området.



Figur 34 Kartutsnitt som viser område for barn og unge. Grøn farge viser grøntstruktur i kommuneplanen, stipla grønt areal viser skog, mørk grønt flate viser leikeplass. Kjelde: GisLink

Slik det kjem fram innleiingsvis er delar av regulert friareal pr. i dag nytta til leikeplass for barnehagen. Noko av føremålet med reguleringa er såleis å sikre at regulering vert i tråd med bruken av området.



Figur 35 Leikeareal sør for barnehage. Kjelde: Sporstøl arkitekter

Krav til størrelse og kvalitet på uteområde for barnehage

Slik det kjem fram av rettleiar «Barn og unge i plan og byggesak», samt rettleiar IS-2072 er det sett følgjande krav til uteområde for barn:

Barn mellom 0-3 år: 33 m² pr. barn

Barn over 3 år: 24 m² pr. barn

Antallet barnehagebarn er 25 barn under 3 år og 37 barn over 3 år. Krav til uteområde er såleis:


$25 \times 33 = 835 \text{ m}^2$

$37 \times 24 = 888 \text{ m}^2$

Krav til uteområde: 1723 m²

Kartutsnittet nedanfor viser området som pr. i dag er opparbeidd til uteområde/leikeareal. Det er ca. 3840 m², og er altså meir enn stort nok iht. kravet til uteareal/leikeareal.

Føresegnene stiller krav om at det innanfor område o_BH skal det vere opparbeid minimum 2500 m² uteopphaldsareal/leikeareal. Dette vil juridisk sikre uteområde for barnehagen i tråd med krav. Slik det kjem fram av kartskissa nedanfor er dagens opparbeidde uteareal/leikeareal kring barnehagen vesentleg større enn dette.



Figur 36 Skisse som viser areal som vert nytta av barnehagen til uteområde/leikeareal pr. i dag. Leikearealet ligg innanfor inngjerda område. Kjelde: Sunnmørskart/Sporstøl arkitekter

Krav som gjeld utbygging av regulert friareal

Det vart i 2023 gjeve dispensasjon frå reguleringsplanens §2 for oppføring av tilbygg til barnehagen innanfor regulert friareal. Planhandsamar skreiv då i saksframlegget:

«Utvidelsen mot vest gjør at deler av bygg kommer inn på naboeiendom 411890. Denne eiendommen har reguleringsformål friareal - leikeareal.

De to tomtene har same eier, og friområdet brukes i dag som uteområde for barnehagen. Friområdet blir utbygd med 47,6 m2, og utgjør dermed en liten del av friområdet.

Utvidelsen av barnehagen kommer både de ansatte og barna i barnehagen til gode, og endrer ikke den faktiske bruken av friområdet, ettersom det i dag også er tilknyttet driften av barnehagen. Fordelene ved å gi dispensasjon er i ansvarlig søkers øyne større enn ulempene, og bør derfor kunne innvilges.»

I sine uttaler til varsel om oppstart av detaljregulering viser Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune til at når det gjeld omdisponering av areal som i planar er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for lek, skal det skaffast fullverdig erstatning, jf. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, kap. 5d.

Slik det kjem fram av plankartet regulerast heile arealet avsett til barnehage med tilhøyrande uteområde/leikeareal til føremål «Barnehage» (o_BH). Det medfører at delar av dagens reguleraste friareal får endra føremål. For å sikre at friarealet vert oppretthalddt som uteområde/leikeareal innanfor føremål o_BH, er det sett krav til størrelse på uteareal/leikeareal i føresegnene. I tillegg vil krav til %-BYA begrense mogleg utbygging innanfor føremålet.

Areal som i gjeldande plan er sett av til fellesareal eller friområde eigna for lek er det som kjem fram av skissa nedanfor. Det er om lag 5,04 mål. Friareal langs elva er bratt og tettvakse, og vurderast ikkje eigna for trygg lek.



Figur 37 Kartutsnitt som viser areal som i gjeldende plan er sett av til friområde eigna for lek, samt areal regulert til uteopphaldsareal/leikeareal ny plan. Kjelde: Sunnmørskart/Sporstøl arkitekter

Arealregnskap for friområde/leikeareal vil sjå slik ut:

Friområde/leikeareal	Gjeldande regulering	Ny reguleringsplan
Friområde egna til lek regulert i gjeldande plan	ca. 5040 m2	
Krav til uteareal/leikeareal innanfor o_BH		2500 m2
Areal regulert som o_FRI		2650 m2
	ca. 5040 m2	5150 m2

Det vurderast såleis at planforslaget ikkje medfører tap av verdiar for allmenta sin tilgang til friluftsliv. Føresegnene stiller krav om at uteopphaldsarealet knytt til barnehagen skal vere offentleg tilgjengeleg. Krav til minimum størrelse på uteareal/leikeplass som er sett i føresegnene gjer at arealet sikrast. Fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for lek er såleis oppretthaldt, og dei 48 m2 som er utbygd er fullverdig erstatta.

6.11 Landbruksfaglege vurderingar

Slik det kjem fram av kap. 5 vil planen delvis regulere område som i GisLink er registrert som open fastmark med dyrkbar jord. Ny regulering vil i liten grad endre bruken av dette arealet i forhold til dagens bruk, då det innanfor område «o_BH» er sett krav til størrelse på leikeareal innanfor føremålet, og då regulert %-BYA i liten grad gjev rom for utbygging ut over dagens. Området som er registrert som open fastmark med dyrkbar jord ligg i hovudsak innanfor område som er, og framleis vert, regulert til friområde.



Figur 38 Foto som viser område registrert som fulldyrka mark. Kjelde: Sporstøl arkitekter

6.12 Kulturminne

Som vist til i kap. 5 er det ikke krav om arkeologisk registrering. Det er i føresegnene sett krav om meldeplikt ved funn av automatisk freda kulturminne.

6.13 Naturverdiar

Det visast til pkt. 5.5. Det er registrert framand art langs vegen nord for barnehagen. Langs vegen aust for barnehagen er det registrert piggsvin og taksvale med status nær trua.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova krev at prinsippa §8-12 skal leggst til grunn ved utøving av offentlig myndigheit, herunder planarbeidet.

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er brukt nasjonale databasar (GisLink) som kunnskapsgrunnlag for vurderingar.

§9 Føre-var-prinsippet

Det er i føresegnene sett krav om nedkjemping av uønska framande artar, samt krav om aktsemd for å unngå mogeleg skade på artar, naturtypar og økosystem, i tråd med gjeldande lovverk.

§10 Samla belastning

Planendringa er i hovudsak tråd med intensjonen i gjeldande planar og i tråd med dagens bruk av området. Ein ser ikkje på tiltaket som vesentleg for belastninga på naturmangfaldet.

§11 Kostnader ved miljøforringing

Det vurderast ikkje å vere kostnader knytt til dette.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
Det visast til føreseigner der krav til tiltak er beskrive.

Konklusjon

Ein vurderer på bakgrunn av dette at tiltaket ikkje medfører vesentleg auka fare for skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

6.14 Vassdrag – kantsone

Planen ligg opp mot vassdraget Hareidselva med tilhøyrande kantsone. Etter vassressurslova § 11 er det langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring krav om å oppretthalde eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som skal motverke avrenning og gje levestad for plantar og dyr.

Slik planforslaget ligg føre vil det kunne oppretthaldast eit vegetasjonsbelte på minst 20 meter frå senterlinje av elva, jf. skisse på kartutsnitt nedanfor. Planen regulerer ikkje vassdragsbeltet, men grensar opp mot det. Regulert parkeringsplass er avgrensa så mykje som råd for å minimalisere inn-
grep i nærleiken av vegetasjonsområde kring Hareidselva.




Figur 39 Kartutsnitt som viser planforslag med vegetasjonsbelte 20 meter frå senterlinje av vassdraget mot sør (grønstipla). Kjelde: Sporstøl arkitekter

6.15 Flaum

NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan er gjennomgått. Delar av planområdet langs elva ligg innanfor aktsomheitsområde for flaum slik det kjem fram av pkt. 5.19. NVE skriv i sin uttale til varsel om oppstart:

«Aktsemdkartet for flaumfare, jf. NVE Atlas viser potensiale for flaum med ein maksimal vasstandsstigning på 5,62 m som kan ha verknad for arealbruken i delar av planområdet. Dersom tiltak vert planlagt med mindre høgde over vasstand må den reelle faren for flaum avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200 års flaum skal regulerast med omsynssone flaumfare H320 og ha føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.»

Området innanfor planavgrensinga som vil kome innanfor aktsomheitsområde for flaum gjeld planlagt område for veg og parkeringsplass og vil ikkje gjelde byggverk (jf. krav i TEK17 §7-2). Konsekvensen ved flaum er såleis liten, då føremåla ikkje opnar for utbygging. Planområdet er også snevra noko inn mot nordvest i forhold til varsla planområde.



Figur 40 Kartutsnitt som viser omsynssoner for flaum, H320_1 og H320_2. Kjelde: Sporstøl arkitekter

Eit mindre område mot vest som omfattar etablert veg «Plassane» er gjeve omsynssone flaumfare H320_1. Vegen er etablert og bruken vil verte uendra. Ved flaum over bru og veg i vest vil området framleis ha mogleg tilkomst frå aust. Det er i føresegnene sett krav om at utbetring av veg innanfor H320_1 må omsynta mogleg flaumfare.

Eit område mot aust som omfattar planlagt parkeringsplass er gjeve omsynssone flaumfare H320_2. Det er i føresegnene sett krav om at etablering av parkeringsplass innanfor H320_2 må omsynta mogleg flaumfare, og planleggast med omsyn på dette.

6.16 Skred


Skred er omtalt i pkt. 5.17. Slik det der kjem fram har planområdet tilfredsstillande tryggleik.

6.17 Teknisk infrastruktur

Det visast til kap. 5.13 som omtalar teknisk infrastruktur i området, samt planlagt etablering av ny trase for spillvatn. Planendringa vil ikkje medføre endringar ut over det som allereie er planlagt.

6.18 Plan for avfallshenting

Avfallshenting vert uendra i forhold til dagens situasjon. Dagens løysing er dunkar som er plassert ved parkeringsplass med tilkomst frå kommunal veg som vist på ortofoto nedanfor.



Figur 41 Ortofoto som viser dagens situasjon mhp. avfallshenting. Kjelde: Sunnmørskart

6.19 Avbøtande tiltak/ løysningar ROS

I samsvar med plan- og bygningslova §4-3 er det utfylt ROS-sjekkliste for området, sjå vedlegg V3. Slik det kjem fram av kap. 5.19 er forhold som påkallar merksemd, og som krev tiltak følgande:

- **Flaum**

Eit mindre område mot vest er gjeve omsynssone flaumfare H320_1 og det er sett krav i føresegnene, sjå omtale i pkt. 6.15.

Eit mindre område mot aust er gjeve omsynssone flaumfare H320_2 og det er sett krav i føresegnene, sjå omtale i pkt. 6.15.

- **Klimatilpassing**

Føresegnene stiller krav om at det skal vere lagt til rette for naudsynt drenering og at det skal vere etablert sikre flaumvegar der klimaendringar er omsynteke, sjå omtale i pkt. 6.8. Det visast til vedlagt VA-plan for området.

7 Verknader/konsekvensar av planforslaget

Her omtalast og vurderast verknader og konsekvensar av gjennomføring av planen.

7.1 Konsekvens for overordna planar

Reguleringa vil gjere at dagens bruk av område til barnehage og friområde vert vidareført, og gjere at gjeldande plan vert i tråd med dagens bruk. Parkeringsplass mot nord vil endre bruken av regulert friareal, men opnar ikkje for bebyggelse på arealet. Konsekvens vurderast såleis som liten.

7.2 Konsekvens for landskap og stadens karakter

Planen vil ha liten konsekvens for landskap, då den ikkje opnar for utbygging ut over dagens. Etablering av parkering vil medføre ei endring av terreng/overflate i friområdet mot nord som vert endra til parkeringsplass for tilsette. Ingen spesiell konsekvens for stadens karakter.

7.3 Konsekvens for krav i kap. II i Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova krev at prinsippa §8-12 skal leggst til grunn ved utøving av offentlig myndigheit, herunder planarbeidet.

Slik det kjem fram av kap. 5.5 og kap. 6.13 er det vurdert at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg auka fare for skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5). Planendringa vurderast å ha liten konsekvens for naturmangfald då tiltaket medfører liten endring ift. dagens situasjon, og då føresegnene stiller krav om aktsemd ift. natur og miljø.

7.4 Konsekvens for rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Planforslaget medfører liten endring ift. dagens situasjon kva gjeld rekreasjonsbruk. I tillegg til det som er regulert til friareal i gjeldande regulering er det regulert friområde søraust for barnehagen. Dette vil sikre plass til turveg i tråd med avsett framtidig føremål i kommuneplanen. Føresegnene stiller som krav at uteområde knytt til barnehagen skal vere offentlig tilgjengeleg, og sikrar såleis heile området til rekreasjonsbruk.

7.5 Konsekvens for uteområde

Det visast til kap. 6.10 som omtalar dette. Då krav til opparbeidd leikeareal innanfor område o_BH er sikra i føresegnene, har planendringa liten konsekvens kva gjeld størrelse og bruk av uteområde.

7.6 Konsekvens for trafikkforhold

Planen regulerer fortau langs vegen Plassane. Sjølv om planen ikkje stiller rekkefølgekrav om opparbeiding sikrar den areal til framtidig etablering, noko som har ein positiv trafikal konsekvens. Planen regulerer også vegtrase for vegen Plassane nord og aust for barnehagen, slik at areal i nødvendig bredde er sikra i tråd med kommunale krav. Regulering av veg og fortau vil delvis kome innanfor private eigedomar, og vil såleis ha ein konsekvens for desse.

Etablering av parkeringsplass nord for vegen Plassane sikrar parkering for tilsette, og betrar den trafikkale situasjonen på staden, då tilsette slepp å parkere langs veg. Det sikrar også fleire disponible plassar for parkering i samband med levering/henting av barn, då tilsette ikkje lenger vil ta i bruk desse plassane.

7.7 Konsekvens for barns interesser

Planframlegget regulerer og sikrar tilstrekkeleg leikeareal knytt til barnehagen. Den regulerer også fortau, noko som også er positivt for barn sine interesser.

7.8 Konsekvens for universell tilgjenge

Tiltaket vurderast å ha liten konsekvens i forhold til dagens situasjon. Det er krav om at planlegging og utbygging, også for uteareal, skal basere seg på gjeldande krav til universell utforming og tilgjenge for alle.

7.9 Konsekvens for risiko og sårbarheit (ROS)

Det visast til pkt. 6.19 kva gjeld avbøtande tiltak og løysingar ROS. Med dei krav som er sett i føresegnene kva gjeld faresone flaum (H320_1-2) vurderast planendringa å ha liten konsekvens.

7.10 Konsekvens for jordressursar/landbruk

Planen vil delvis regulere område som i GisLink er registrert som open fastmark med dyrkbar jord. Ny regulering vil i liten grad endre bruken av dette arealet i forhold til dagens bruk, då det innanfor område «o_BH» er sett krav til størrelse på leikeareal innanfor føremålet, og då regulert %-BYA i liten grad gjev rom for utbygging ut over dagens. Området som er registrert som open fastmark med dyrkbar jord ligg i hovudsak innanfor område som er, og framleis vert, regulert til friområde. Planendringa vurderast såleis å ha liten konsekvens.

7.11 Konsekvens for teknisk infrastruktur

Føresegnene stiller krav om at kommunalt planlagd VA-anlegg må omsyntakast. Elles ingen spesiell konsekvens.

7.12 Konsekvensar for kommunen

Som omtalt innleiingsvis er eigarar av bnr. 41, bnr. 23 og gnr. 41, bnr. 192/759 registrert som ugyldig part. Det er gjort undersøkingar for å finne arvingar, og dei som er funne er varsla pr. post. Det regulerast dermed areal der eigedomsforholda ikkje er endeleg avklart, og der det mest truleg er fleire eigarar i fleire ledd. Dette vil kunne få privatrettslege konsekvensar for kommunen.

Planen regulerer fortau med annan veggrunn for sideareal som vil ha konsekvens for eigedomar nord og sør for vegen. Kommunen vil i samband med framtidig utbygging måtte gjere avklaringar opp mot den enkelte grunneigar.

7.13 Avveging av verknader

Planlagt parkering nord for vegen vil medføre bruk av eit område som i gjeldande planar er regulert til friareal. Dette området er i dag gjengrodd og ikkje i bruk, og fordelane ved å kunne ta området i bruk til parkering vurderast større enn ulempene. Området er også redusert iht. opprinneleg varsla planavgrensing, og ivaretek vegetasjonsbelte med breidde 20 meter mellom elva og planområdet.

Reguleringsendringa medfører at planar blir i tråd med faktisk bruk av området, og sikrar barnehagen tilstrekkeleg plass til både bygningar og leikeareal. Utviding og vidare drift av Syverplassen barnehage i området er i tråd med politiske føringar slik det kjem fram av pkt. 4.5, og vil avslutte reguleringsplanarbeidet som vart starta opp allereie i 2013.

8 Innkomne innspel med kommentar

Det kom inn 9 innspel til varsel om oppstart, sjå vedlegg V4. Innspel er kommentert i tabell nedanfor:

Uttalepart	Innspel	Kommentar til innspel
Statsforvaltaren 02.07.24	Planfagleg Planområdet omfattar område som i KPA er sett av til friområde. Ved disponering av fellesareal eller friområde i bruk eller eigna for lek skal det skaffast fullverdig erstatning (jf. RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga). Rår difor til at kommunen gjer ei vurdering av om reguleringsplanen vil medføre at det går tapt verdier for allmenta sin tilgang til friluftsliv. Dersom det er tilfelle, skal det skaffast fullverdig erstatning. Viser til at manglande erstatning kan gi grunnlag for motsegn. Natur- og miljøvern Ber om at det visast aktsemd for å unngå skade på artar, naturtypar og økosystem. Det skal ikkje førast inn eller spreia framande artar ved opparbeiding av veg og byggeområde/handtering av massar. Vassdrag Viser til at det ikkje må gjerast inngrep i kantsona til elva. Minner om at dersom kantsone skal fjernast, må det ligge føre løyve etter vassforskrifta §11, samt at dersom tiltaket påverkar fisk og organismar i ferskvatn sitt høve til å reproducere, skal det søkjast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Samfunnstryggleik- klimatilpassing Minner om at det må gjennomførast ROS-analyse for området. Minner om at utarbeidde fagrapportar må følgje plansaka, og at avdekte risikoelement må utdypast i ROS-analyse. Minner om at effektar av klimaendringar skal vurderast.	Sjå omtale under pkt. 6.10. Planforslag og føresegner sikrar at det ikkje går tapt verdier for allmenta sin tilgang til friluftsliv/uteområde. Krav om omsyn til natur og miljø, samt krav til handtering av uønska framande artar er sett i føresegnene 2.10 og 2.11. Sjå kap. 6.14 der dette er omtalt. Statsforvaltaren si ROS-sjekkliste er utfylt. Forhold som påkallar merksemd, og som krev vurdering av tiltak er beskrive i pkt. 5.19, og avbøtande tiltak er omtalt i pkt. 6.19. Klimatilpassing er omtalt i pkt. 6.8. Fagrapportar følgjer plansaka.

	Barn og unge Viser til at planarbeidet ikkje må medføre at barn i området misser tilgang til leikeområde i nærleiken.	Allmenta, og herunder barn, sin tilgang til leikeareal er sikra i føresegnene.
Møre og Romsdal fylkeskommune 27.06.24	Planfagleg Er positive til at regulert friareal som vert brukt til uteareal for barnehagen no vert regulert. Leikeområda må gjevast funksjons- og rekkefølgjekrav. Viser til at dei i uttale til tidlegare søknad om dispensasjon for å nytte delar av friområdet til tilbygg og parkering påpeikte at dei bad om at parkeringsplassen vart avgrensa så mykje som råd for å minimalisere inngrep ift. kantsonene for Hareidselva. Viser til RPR for barn og planlegging og påpeikar at det er uheldig å om-disponere areal sett av til leike eller friområde utan fullverdig erstatning. Automatisk freda kulturminne Vi gjere ei synfaring på staden for å avklare om det er naudsynt med arkeologisk registrering.	Leikeområda er gjeve funksjonskrav i føresegnene. Dei er ikkje gjeve rekkefølgjekrav, då leikeplass og barnehage allereie er opparbeidd. Parkeringsplassen nord for vegen er redusert iht. opprinneleg varsla planavgrensing. Sjå omtale av kantsone i kap. 6.14. Sjå omtale under pkt. 6.10. Planforslag og føresegner sikrar at det ikkje går tapt verdiar for allmenta sin tilgang til friluftsliv og uteområde. Avklart i e-post av 10.10.24, sjå vedlegg V11. I følgje Kulturavdelinga er det likevel ikkje er naudsynt med synfaring.
Statens vegvesen 10.06.24	Trafikk Er positive til at det rettast fokus på parkering og trafikktryggleik. Viser til at harde og mjuke trafikantar så langt om mogleg må separerast og at kryssing må skje i tydelege punkt. Universell utforming Rår til at normalkrav vert lagt til grunn for planlegging av internt veganlegg og parkering.	Planen regulerer fortau, og legg såleis til rette for betre tryggleik for trafikantane, sjå plan- og profildeikningar frå Dimco, V10. Det er sett krav om at kryssingspunkt frå parkeringsplassen skal opparbeidast med forsterka belysning og tilstrekkeleg sikt. Sjå plan- og profildeikningar frå Dimco, V11, samt krav om universell utforming i føresegnene.
NVE 17.06.24	Grunnforhold og skred i bratt terreng Viser til at området ligg under marin grense, og at fare for områdeskred av kvikkleire må avklarast.	Det visast til «Vurdering av områdestabilitet ved Plassane 7, Hareid kommune», Sunnfjord Geo Center, datert 14.04.23 (V7). Det er gjennomført grunnundersøkingar, og det er ikkje avdekt marine leiravsetningar i området. Områdestabiliteten er vurdert ivareteke.

	Viser til at planområdet ligg i aktsomheitsområde for snøskred, og at eventuelle fareområde må regulert med omsynssoneskredfare H310. Viser til at det er viktig at all dokumentasjon på utgreiingar ligg ved når planen vert lagt ut til offentlig ettersyn. Flaum, erosjon og overvatn Viser til at nærleik til vassdrag tilseier at fare for flaum og erosjon må vere eit tema i planarbeidet. Viser til at aktsemdkartet for flaumfare, jf. NVE Atlas viser potensiale for flaum med ein maksimal vasstandsstigning på 5,62 m som kan ha verknad for arealbruken i delar av planområdet. Dersom tiltak vert planlagt med mindre høgde over vasstand må den reelle faren for flaum avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200 års flaum skal regulert med omsynssone flaumfare H320 og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. Påpeikar at fare for flaum bør sjåast i samanheng med overvasshandteringa i planområdet. Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn. Påpeikar at eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet må kartleggast.	Det visast til skredvurdering gjort av Skrid datert 15.02.24 (V6). Rapporten konkluderer med at tiltaksområdet har tilfredsstillande tryggleik og ikkje overstig nominell sannsynlighet for skred på 1/5000 (S3). Begge rapportane er lagt ved som vedlegg til offentlig ettersyn. Sjå omtale av flaum under pkt. 6.15. Områda innanfor planavgrensinga som vil kome innanfor aktsomheitsområde for flaum, H320_1-2, gjeld veg og parkeringsplass. Planen opnar ikkje for byggetiltak. Konsekvensen ved flaum er såleis liten, då det ikkje regulert for utbygging. Planområdet innanfor aktsomheitsområde for flaum er også redusert iht. opprinneleg varsla planavgrensing. Områda som vert berørt av aktsomheitsona er i planen regulert med omsynssone flaumfare H320, og det er sett krav i føresegnene. Planen opnar ikkje for utbygging innanfor aktsomheitsområde. Reguleringsplanen opnar i liten grad for meir utbygging innanfor området enn i dag, og vil ikkje føre til vesentleg auke i tette flater. Det er i føresegnene sett krav om naudsynt drenering og sikre flaumvegar. Det visast til kommunal VA-plan for området (V9) som også viser plan for overvasshandtering. Det visast også til skredvurdering frå Skrid der overvatn er omtalt.
Mattilsynet 06.06.24	Har vurdert saken ut ifra hensyn til drikkevann, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd,	Teke til vitande.

	plantehelse og næringsmidler og har ingen merknad i saka.	
Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid 24.06.24	Har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad i saka.	Teke til vitande.
Ottar Arne Hareide gbnr. 41/10 30.06.24	Viser til at det er tenkt regulert inn gangveg/fortau nord for vegen mot elva langs eigedomen hans. Meiner dette ikkje er nødvendig då det er godt gangareal langs vegen mot barnehagen og at dette er naturleg trase. Ønsker at ein ser nærare på plasseringa av gangvegen/fortauet.	Slik det kjem fram av gjeldande kommuneplan, og slik det er lagt til grunn i plandokumenta er fortau planlagt på sørsida av vegen Plassane, og vil ikkje ligge langs vegen mot nord innanfor gbnr. 41/10. Langs vegen mot nord innanfor gbnr 41/10 er det regulert «annan veggrunn», o_AVT. Bredda på arealet er gjort så smalt som mogleg (1,5 meter) og redusert ift. planavgrensinga ved varsla oppstart. Regulert gangveg o_GG vil delvis kome innanfor gnr. 41/10 mot aust slik det kjem fram av plankartet.
Knut Asle Fagervoll 18.06.24	Har ingen innvendingar til planforslaget såframt noverande tilkomst til Plassane (gnr. 41, bnr. 123/627/1179) via den kommunale vegen aust for barnehagen vert ivareteke og sikra naudsynt areal.	Det visast til reguleringsplan og plan- og profildeikningar av vegen.
Eldar Elvebu 18.06.24	Viser til mottatt varslings og at eventuelle innspel vil verte gitt av avdød bror Kolbjørn Elvebu sine born Roger, Bente, Kirsti og Ragnhild Elvebu som alle bur på Hareid.	Teke til vitande. Ytterlegare innspel er ikkje motteke.

9 Avsluttande kommentar

Med bakgrunn i planforslaget vil vi på vegne av forslagsstillar be om at planforslaget vert teke opp til behandling og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med Plan- og bygningslova (PBL) §12-10 og §12-14.

10 Vedlegg

- V1 Plankart datert 01.03.25
- V2 Føresegner datert 01.03.25
- V3 Sjekkliste ROS datert 03.01.25
- V4 Samla innspel
- V5 Referat frå oppstartsmøte datert 29.02.24
- V6 Skrid, skredvurdering datert 15.02.24
- V7 Sunnfjord Geo Center – Vurdering av områdestabilitet datert 14.04.23
- V8 Hareid kommune – kart over leidningsnett datert 26.09.24
- V9 Hareid kommune – VA-plan datert 28.05.20
- V10 Dimco – plan- og profilteikningar – datert 16.12.24
- V11 Kulturavdelinga MRFK - arkeologisk registrering - svar datert 10.10.24
- V12 Byggfag - Byggesøknadsteikningar Syverplassen datert desember 2023
- V13 Byggfag - Situasjonsplan datert 06.03.23
- V14 Varsla høyringspartar ved varsel om oppstart
- V15 Hareid kommune - vedtak om oppstart av planarbeid datert 24.04.24